

Notat

Frå: Fylkesdirektøren for opplæring

Til: Hovudutval for opplæring

Orientering om fråsegn frå Sogn og Fjordane fylkeskommune

Kunnskapsdepartementet sende 6.12. 2013 på høyring eit framlegg om å innføre ein rett til påbygging til generell studiekompetanse etter fullført og bestått fag- og yrkesopplæring. Høyringsfristen var 17.januar 2014. Fråsegna frå Sogn og Fjordane fylkeskommunen nådde difor ikkje politisk handsaming.

Departementet tek sikte på at endringane kan tre i kraft frå 1.august 2014. Retten kjem i tillegg til eksisterande rett til å ta påbygging etter vg2 i eit yrkesfagleg utdanningsprogram, ikkje i staden for.

Fylkesdirektøren si vurdering og fråsegn:

Fylkesdirektøren er samd i Kunnskapsdepartementet sine framlegg og vurderingar slik dei går fram av [Høyringsbrev og -dokument frå Kunnskapsdepartementet](#)

Fag- og yrkesopplæringa gir ein kompetanse som arbeidslivet treng. Med rett til påbygging vert det lagt til rette for at elevar kan fullføre fag- og yrkesopplæringa utan å miste sjansen til generell studiekompetanse ved seinare høve. Innføring av ein rett til påbygging etter fullført og bestått fag- og yrkesopplæring kan difor påverke elevane sitt søkemønster, slik at færre vel å søke vg3 påbygging etter vg2 yrkesfag.

Fylkesdirektøren ønskjer å understreke:

- Retten får etter framlegget ikkje tilbakeverkande kraft.
- Av framlegga til ny lovtekst går det fram at dei som ønskjer å ta påbygging før utløpet av det året dei fyller 24 må gjere det som ein del av ungdomsretten etter opplæringslova §3-1.
- For dei som ønskjer å ta ut retten seinare gjeld vaksenretten etter opplæringslova kap. 4A. Retten etter §4A-3 skal berre gjelde berre dei vaksne som har fullført og bestått fag- og yrkesopplæringa som del av ungdomsretten etter opplæringslova §3-1, men som tar påbygging som vaksne (frå og med det året dei fyller 25 år). Denne siste gruppa har etter framlegget ingen frist for når retten må takast ut.

- Retten til påbygging til generell studiekompetanse skal etter framlegget ikkje gjelde dei som har fullført og bestått fag- og yrkesopplæringa som vaksne.
- Kunnskapsdepartementet gjer framlegg om at praksisbrevkandidatar berre kan få rett til påbygging dersom dei tilfredsstillar krava som er sette for rett til påbygging.

Fylkesdirektøren for opplæring sende slik fråsegn til Kunnskapsdepartementet 17.1.2014:

«Vi viser til høyringsbrev datert 6.12.2013. Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar framlegget om å innføre ein rett til påbygging til generell studiekompetanse etter fullført og bestått fag- og yrkesopplæring slik det er gjort greie for i høyringsbrev og -dokument.»

Bakgrunn for framlegget frå Kunnskapsdepartementet:

Eitt av sektormåla for grunnopplæringa er at alle elevar og lærlingar som er i stand til det skal gjennomføre vidaregåande opplæring. I Meld.St.20 (2012-2013) *På rett vei* er det presentert fleire ulike tiltak for å auke gjennomføringa, mellom anna eit betre sikringsnett mot fråfall, eit kvalitetsløft i fag- og yrkesopplæringa ved større fleksibilitet og relevans, og nye karriere- og utdanningsmulegheiter gjennom mellom anna alternative yrkesfaglege vegar. Eitt særleg tiltak i meldinga var å lovfeste ein rett til påbygging til generell studiekompetanse for elevar med fullført og bestått fag- og yrkesopplæring.

Det har dei siste åra vore ein stor auke i tal elevar som søker påbygging etter vg2 på eit yrkesfagleg utdanningsprogram. Fleire undersøkingar, mellom anna evalueringa av Kunnskapsløftet, viser at mange elevar vel påbygging til generell studiekompetanse i staden for å gå ut i lære, for seinare å kunne gjennomføre høgare utdanning. Hovudårsaka er altså ikkje at dei ikkje får læreplass. Berre litt over halvparten av elevane på ordinær påbygging oppnår generell studiekompetanse. Mange av elevane manglar faglege føresetnader for å greie eitt eller fleire av faga. Ein studie frå NIFU (Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning) om påbygging i fem fylke viser at ein større del elevar fullfører og består påbygging etter fullført og bestått fag- og yrkesopplæring, samanlikna med ordinær vg3 påbygging. Mogelege årsaker til dette kan vere alder, motivasjon, opptakskrav, lågare veketimetale og betre faglege føresetnader.

Framlegg til ny lovtekst:

Nytt ellefte ledd i opplæringslova §3-1 (Rett til vidaregåande opplæring for ungdom):

Den som har fullført og bestått fag- og yrkesopplæring som ein del av ungdomsretten etter første ledd, har etter søknad rett til eitt års påbygging til generell studiekompetanse. Retten gjeld elevar som har fullført og bestått fag- og yrkesopplæring i 2014 eller seinare. Retten kan takast ut når som helst innan utløpet av det året da eleven fyller 24 år. Lov føresegna om at retten må takast ut i løpet av ein samanhengande periode på fem, alternativt seks år, som nemnd i tredje ledd, gjeld ikkje her.

Nytt sjuande ledd i opplæringslova §4A-3 (Rett til vidaregåande opplæring for vaksne):

Den som har fullført og bestått fag- og yrkesopplæring som ein del av ungdomsretten etter §3-1 første ledd, har etter søknad rett til eitt års påbygging til generell studiekompetanse. Retten gjeld elevar som har fullført og bestått fag- og yrkesopplæring i 2014 eller seinare. Retten kan takast ut når som helst etter fullført og bestått fag- og yrkesopplæring.

Innspel til fråsegna frå dei vidaregåande skulane

Dei vidaregåande skulane vart inviterte til å melde innspel til høyringa. 3 skular har meldt tilbake at dei er samde i at det vert innført ein slik rett.

Økonomiske konsekvensar

Ei innføring av rett til påbygging til generell studiekompetanse etter fullført og bestått fag- og yrkesopplæring inneber ei utviding av retten til vidaregåande opplæring.

Kunnskapsdepartementet trur at minst 2 500 elevar vil nytte seg av retten alt frå skuleåret 2014-15. Samla årleg kostnad for fylkeskommunane er stipulert til om lag 235 mill. kr.

Fylkeskommunane vil få kompensasjon for auka kostnader gjennom rammetilskotet.

I vedteke budsjett for Sogn og Fjordane fylkeskommune for 2014 er dette omtala slik:

«Retten til påbygging etter oppnådd fagbrev vert styrka i regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett for 2014. Målsettinga er å gjere det meir attraktivt å fullføre ei yrkesutdanning. Det er foreslått å leggje inn ei samla løyving på 98 mill. kr til føremålet i rammetilskotet til fylkeskommunane. I tillegg er rammetilskotet foreslått redusert som følge av at elevtalet i statlege og private skular aukar. Som følge av desse endringane er budsjetttramma for teneste 5210 auka med netto 1,882 mill. kr frå 2014.»